



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
10.02.2016
Dykkar dato
19.01.2016

Vår referanse
2016/955 421.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås – Gnr. 108 bnr. 515 – Uttale – Dispensasjon til ny bølgebrytar

Vi viser til brev av 19.01.16 med høyringsfrist 16.02.16.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for ny bølgebrytar i forlenginga av eksisterande flytebrygge. Dispensasjonen omfattar også den ytste delen av eksisterande brygge. Eigedommen gnr. 108 bnr. 515 og det meste av flytebrygga ligg i regulert område *Lindås nedre gnr. 108*. Den ytste delen av flytebrygga og bølgebrytaren ligg som område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra. Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og frå byggefobodet i strandsona, plan- og bygningslova (tbl.) § 1-8.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. tbl. § 19-2 andre ledd.

Bølgebrytaren skal leggast ut på kvar side av enden på eksisterande flytebrygge. Total lengde på bølgebrytar, inkludert enden på brygga, blir 50,7 meter.

Fylkesmannen vil peike på at sjøen og strandsona i dette området er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde. Slike område krev at ein tek særskilde omsyn. Ein bølgebrytar av denne storleiken vil ha innverknad på opplevinga av landskapet i området. Dette området er del av den sentrale strandsona på Lindås og bør ikkje utviklast gjennom dispensasjonar.

Storleiken på tiltaket og verdiane i området reiser spørsmål om kommunen heller burde tilrå ei reguleringsendring i denne saka. På den måten vil ein også kunne avklare eventuelle konfliktar med realisering av småbåthamna som ligg rett ved omsøkt tiltak, og som er del av reguleringsplan for Lindås nedre gnr. 108.

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra er heilt ny og ein dispensasjon i denne saka vil kunne undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utviklinga av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for liknande saker i framtida.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til bølgebrytar.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2, fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.